

# Framtidige behov for hjelpemiddel

AV SIGURD GJERDE

## SAMANDRAG

Hjelpemiddelformidling er ein stor og viktig del av hjelpetilbodet for alle med funksjonsvanskar. Samfunnet satsar store ressursar på formidling av hjelpemiddel, som skal bidra til å gje alle med funksjonsvanskar eit fullverdig liv, og eventuelt gje betre høve til å vere i arbeid eller ta utdanning. 61 prosent av brukarane er likevel i aldersgruppa over 70 år.

Det er på det reine at vi vil få ein kraftig vekst i talet på eldre i samfunnet i åra framover. Dette er mange stader omtala som «eldrebølga». Framskrivingar av folketalet fordelt på aldersgrupper syner vesentlege forskyvingar i alderssamansetjinga fram mot 2030. Ei framskriving av dette syner at vi om nokre få år får ein sterk vekst i talet på betente brukarar, og at aldersgruppene over 70 år står for heile denne auken. I 2030 vil vi kunne ha om lag 212 000 betente brukarar, ein auke på om lag 40 prosent frå i dag. Dersom vi ønskjer å halda oppe dagens dekningsnivå og servicegrad, må formidlingsapparatet vere kapasitetsmessig budd på den auka tilgangen. Finansielt vil det også bli behov for meir ressursar på dette området.

## INNLEIING

Formidling av hjelpemiddel for funksjonshemma er ei stor verksemd her i landet. Det er hjelpemiddelsentral i kvart fylke, som før var ein del av trygdeataten, og som no er ein del av NAV. Dei har ansvar for formidling av utstyr og tenester etter brukarane sine behov, og forvaltning av ein hjelpemiddelpark som er både stor og mangfaldig. Vi kjøper inn nye hjelpemiddel kvart år for om lag 2,5 milliardar kroner, og i tillegg fordelar vi store mengder av gjenbrukte hjelpemiddel. Det er om lag ein halv million menneske i landet som til ei kvar tid har hjelpemiddel utlånt frå hjelpemiddelsentralane, og kvart år er det ca 150 000 som får utlån, anten hjelpemiddel for nye behov, eller får skifta ut gamle og slitne hjelpemiddel. Utviklinga på dette området skulle difor vere av interesse for alle oss som kanskje vert brukarar om nokre år, eller som på andre måtar kjem i kontakt med området.

Denne artikkelen er utarbeidd med det føremålet å synleggjere effektar av endringar i befolkningsstrukturen når det gjeld tilstrøyming til dei tenestene som hjelpemiddelsentralane yter.

Korleis vil endringane i befolkningsstrukturen komme til å influere brukartilgangen på hjelpemiddelsektoren, og dermed endre belastninga på dei tilgjengelege ressursane, finansielle og menneskelege.

Vi veit etter kvart mykje om kva «eldrebølga» vil ha å seie for helse- og omsorgstenestene i Noreg samla sett. Vi er klar over at presset på pensjonsordningane og på dei ulike tenestene vil auke betydeleg om nokre få år. Denne framstillinga er spesielt retta mot framtidige behov for hjelpemiddel for funksjonshemma, og tenester som er relatert til dette.

Søkelyset mot brukartilgangen til hjelpemiddelformidlinga skal kunne bidra til å førebu formidlingsapparatet på større press enn før. Dei ulike ledda i formidlingsappara-

tet må vere dimensjonert og organisert for å kunne ta i mot ein større tilgang på brukarar enn vi har hatt til no. Dette har ei heilt sentral betydning for å kunne gje alle med ei eller anna funksjonshemming eit fullverdig liv, og eventuelle høve til utdanning og arbeid.

## METODE

Som grunnlag har vi nytta Statistisk Sentralbyrå sine nasjonale prognosar for folketilvekst 2005–2060, moderat alternativ. I denne samanhengen har vi nytta framskrivingar fram til 2030. Folketalsframskrivingane er framstilt i figurane 1–3.

SSB sine nasjonale og regionale prognosar for folketalsutvikling bygger på ein del føresetnader om framtidig fertilitet, levealder, netto innvandring, og regional mobilitet. For kvar av desse variablane inneheld berekningsmodellane analyser av endringstendensar, slik at resultatet skal bli mest mogeleg realistisk, i alle fall på kortare sikt. Det er likevel betydeleg uvisse knytta til prognosar som dette. For å møte uvisse har SSB i prognosane utarbeidd tre alternative utviklingsforløp for kvar av føresetnadene, høg, middels og låg. Framskrivinga i denne samanhengen er basert på eit middels alternativ i alle kategoriane, som i sum gir det som er kalla «Middels nasjonal vekst» (alternativ MMMM).

Vi har delt inn både folkemengde og hjelpemiddelbrukarar i aldersgrupper, kvar på 10 år.

Vi har talet på hjelpemiddelbrukarar dei siste åra, fordelt på desse 10-års-gruppene. Det er laga prosentfordelingar etter aldersgrupper, og desse er brukt vidare i prognosane for dei neste åra. Prognosane bygger på ein føresetnad om at i kvar aldersgruppe i befolkninga er det ein gitt prosentdel som vert hjelpemiddelbrukarar kvart år.

I samla befolkning har vi ein bestemt prosentdel av dei for eksempel mellom 70 og 79 år, som kvart år er hjelpemiddelbrukarar. Denne prosentdelen vert med andre ord vidareført, og gir grunnlag for prognosane om brukartilgang fram mot 2030. Som for alle prognosar er det også knytta uvisse omkring denne.

Det vert føresett at stønadsreglar i hovudsak er som i dag. Endringar i desse kan føre til forskyvingar i aldersfordelingane, og prognosane må dermed justerast. Det same gjeld med omsyn til andre mogelege organisatoriske og juridiske endringar.

## HJELPEMIDDELOMRÅDET GENERELT

Stønad til hjelpemiddel vert dekkja fullt ut for dei som har varige og vesentlege funksjonshemningar. Folketrygdlova gir heimel for stønad til betring av funksjonsevna, til å skaffe eller halde på arbeid, til å få utdanning, eller til dagleglivet. Føremålet med folketrygdlova sin paragraf 10–6 er å finansiere stønad til hjelpemiddel som kan avhjelpe følgjane av funksjonsnedsetjing i dagleglivet. Siktemålet er at ein skal kunne gje ytingar som hjelper dei som har funksjonshemning til å fungera i heim og samfunn, og å redusere risikoen for sosial utstøying som funksjonshemninga medfører. Målet er å yte stønader som gir folk med funksjonshemning høve til leve som andre (kommentarunderskriv til folketrygdlova paragraf 10).

Tildelte hjelpemiddel skal vere både nødvendig og hensiktsmessig for å kunne avhjelpe dei vanskane og praktiske problem som funksjonshemninga fører med seg.

Stønadsreglane skil i liten grad mellom aldersgrupper, og heller ikkje mellom diagnosegrupper. Funksjonsevna må vere nedsett på grunn av sjukdom, skade eller lyte, og den må vere vesentleg og varig nedsett. Krav til varig nedsett funksjonsevne vil til vanleg bety ca 2–3 år, bortsett frå tilfelle der hjelpemiddel trengs til pleie mot slutten av

## Brukaromgrep

Betente brukarar er talet på personar som i ein tidsperiode får tildelt eit eller fleire utlån av hjelpemiddel. Dette målet gjev eit uttrykk for den årlege brukartilgangen for hjelpemiddelsentralane, og kan gje ein indikasjon på dei årlege utgiftene til hjelpemiddel. Det er ikkje eit uttrykk for talet på personar med funksjonshemningar totalt sett.

Registrerte brukarar er talet på personar som på eit bestemt tidspunkt er registrert med eit eller fleire utlån, uavhengig av når dei fekk utlånet.

livet. Så lenge funksjonsnivå i forhold til krav frå omgivnaden er dokumentert, kan det ytast stønad til dei hjelpemidla som er nødvendig.

Hjelpemiddelsentralane har i løpet av dei åra dei har vore i drift, medverka vesentleg til å gjere tilgangen til hjelpemiddel enklare for alle grupper funksjonshemma. Dei har eit breitt sortiment, og har god kompetanse når det gjeld rådgjeving, formidling og forvaltning av hjelpemiddel. Ikkje minst kan dei bidra til å vidareutvikle hjelpemiddel slik at deltaking kan utvidast til nye felt. Til dømes har nye teknologibaserte hjelpemiddel medverka til større mobilitet, og gjort det mogleg for fleire å få tilpassa arbeidsplassar.

Dei fleste brukarane av hjelpemiddel er likevel i aldersgruppene over 70 år. Fleire og fleire i desse aldersgruppene opplever varige alderdomsplager, som i praksis er funksjonshemningar. Tilgang på hjelpemiddel er dermed ein viktig del av eldreomsorga. Hjelpemiddel, sjølv sagt i kombinasjon med menneskeleg omsorg, gjer det mogeleg å fungere i eigen heim i lengre tid, og vil kunne bidra til å auke livskvaliteten.

## DEI FLESTE HJELPEMIDDELBRUKARAR ER ELDRE

Tabell 1 syner talet på betente brukarar i 2003, fordelt på aldersgrupper og kjønn. Her er 61 prosent av brukarane i

Tabell 1:

**Talet på betente brukarar, 2003, fordelt på kjønn og aldersgrupper, og prosentvis fordeling i kvar aldersgruppe**

	Kvinner	Menn	Sum	Andel kvinner	Andel menn
0–9 år	2 303	3 232	5 535	41,6	58,4
10–19 år	3 295	5 761	9 056	36,4	63,6
20–29 år	1 964	1 893	3 857	50,9	49,1
30–39 år	3 618	2 682	6 300	57,4	42,6
40–49 år	4 610	3 224	7 834	58,8	41,2
50–59 år	6 831	4 637	11 468	59,6	40,4
60–69 år	7 584	5 994	13 581	55,8	44,2
70–79 år	18 877	12 340	31 217	60,5	39,5
80–89 år	32 578	14 356	46 934	69,4	30,6
90 år og over	9 338	3 179	12 517	74,6	25,4
I alt	90 998	57 301	148 299	61,4	38,6

KJELDE: NAV

aldersgruppene 70 år og eldre. Den klart største brukargruppa er over 80 år. Det er eit stort spekter av hjelpemiddel også i desse aldersgruppene, men ein vesentleg del av hjelpemidla er formidla som tiltak for å klare seg i dagleglivet i eigen heim, eventuelt i omsorgsbustad, eller for å kunne bli pleidd på best moglege måte.

Tabell 1 syner også fordeling mellom kjønn pr aldersgruppe blant betente hjelpemiddelbrukarar. At kvinner er i stort fleirtal i dei eldste aldersgruppene er naturleg ut frå forskjellar i levealder. Det er klart fleire kvinner også i aldersgruppene 30–69 år. Dette har mindre med demografiske forhold å gjere. Kjønnsspesifikke helsetilstandar kan ha ein betyding, men det er sannsynleg at menn og kvinner har ulik tilbøyelighet til å oppsøke hjelp og søke stønad til t.d. hjelpemiddel, for ulike mindre plager.

Fleirtalet av menn i aldersgruppa 10–19 år er påfallande. Denne forskjellen vaks fram i perioden då folketrygda overtok ansvar for ein del skulehjelpemiddel. Det vart opna for å yte stønad til datautstyr m.v. for folk med ein del plager som tidlegare ikkje var aktuelle for hjelpemiddel, som lese- og skrivevanskar, åtferds-, konsentrasjons- og lærevanskar. Det har vore langt fleire gutar enn jenter som har fått slik stønad.

I denne omgang vil vi ikkje gå vidare med kjønnsdifferensierte prognosar, men heller setje fokus på dei eldre aldersgruppene blant brukarane.

## NÆRMARE OM «ELDREBØLGA»

Fleirtalet av hjelpemiddelmottakarane er eldre, dvs. over 70 år. Framskriving på dette området vert ein ny versjon av korleis «eldrebølga» vil få verknad i den norske helse- og omsorgstenesta.

Uansett kva framskrivingsalternativ vi brukar, så er det eit faktum at befolkninga dei neste 20–30 åra vert eldre, i den forstand at dei eldre aldersgruppene vert store i antal. I nyare prognosar for folketalsutvikling er anslaget for forventale levealder også oppjustert. Det er venta at denne også vil auke i åra framover. Dette forsterkar «eldrebølga», utover storleiken på kvar kohort. I SSB si folketalsframskriving, mellomalternativet for døyingstal, vil levealder fram mot 2050 auke med 8 år for menn og 6,5 år for kvinner. Sjølv om framskrivingane her berre går til 2030, vil vi også i denne perioden rekne med klart høgare levealder.

Aldringa i befolkninga har allereie lenge vore ein av rammeføresetnadene for samfunnsplanlegging. I perspektivmeldinga 2004 (St.meld. nr. 8, 2004-05) er dette teke opp som ein av dei viktigaste føresetnadene for å planlegge offentlege tenester, og for å lage prognosar for dei samla offentlege utgiftene i åra framover. Prosentdelen i befolkninga som er over 67 år vil auke kraftig, medan prosentdelen i yrkesaktiv alder går ned i åra fram mot 2030, jamfør figur 2.


Det vi veit mindre om er i kva grad den eldre befolkninga vil ha betre helse, når forventale levealder går opp.

Behov for hjelpemiddel, eller meir generelt behov for helse- og omsorgstenester, vil først vere aktuelt i periodar med sjukdom eller andre funksjons-svekkingar. Perspektivmeldinga har som føresetnad for ressursinnsatsen i offentlig helseforvaltning at helsetilstanden i dei enkelte årsklassane er uendra sjølv om levealderen går opp. Alternativt kan det tenkast at alderen for sjukdom også flyttar seg oppover, slik at perioden med helsesvikt ikkje vert vesentleg lengre. Ein større del av dei eldre vil kunne ha lengre tid som friske. Det vil i så fall bidra til å dempe presset på dei ulike helse- og omsorgstenestene. Det er likevel stor uvisse omkring korleis dette slår ut.


## FOLKETALSRAMSKRIVING

Befolkningsprognosane fram mot 2030, fordelt på aldersgrupper, syner auke i talet på innbyggjarar i yrkesaktiv


Figur 1:  
Prognoser for utvikling innan aldersgrupper i befolkninga fram til 2030



Figur 2:  
Prognoser for utvikling innan aldersgrupper i befolkninga fram til 2030, prosentdelar.



Figur 3:  
Framskrivning av befolkningsgruppene 60 år og over fram til 2030.



alder, og ei sterk auke i talet på innbyggjarar over 67 år. Talet på barn og unge under 20 år er derimot stabilt.

Når den same folketalsframskrivinga vert målt i prosentdel pr aldersgruppe, figur 2, ser vi at sjølv om det vert fleire personar i yrkesaktiv alder, vil likevel denne gruppa utgjere ein mindre prosentdel av befolkninga. Det same er tilfellet for den yngste aldersgruppa. Eldre over 67 år vil utgjere ein stadig høgare prosentdel av samla befolkning.

I figur 3 har vi illustrert framskriving av aldersgruppa 60 år og over, fordelt på 10-års aldersgrupper. Den store auken i talet på personar i kvar aldersgruppe kjem klart fram her. Det er dei store årskulla som er fødte frå 1945 og framover som her kjem i 60-åra. Alle årskull fødte i perioden 1945 til 1970 er store. Det fører til sterk tilstrøyming til dei eldre aldersgruppene, ikkje berre for nokre få år, men i lang tid framover.

## FRAMSKRIVING AV HJELPEMIDDELBRUKARAR


Korleis vil talet på betente brukarar ved hjelpemiddelsen-tralane utvikle seg, etter gjennomgangen av folketalsprognosane?

Under føresetnadene som er nemnd i avsnittet om metode, vil talet på betente brukarar ved hjelpemiddelsen-tralane kunne utvikle seg som vist i figur 4.


Figur 4 syner ein venta auke i den samla årlege tilstrøyminga til hjelpemiddelformidling fram mot 2030. Vi ser ei mogeleg årleg auke frå ca 150 000 i dag til ca 175 000 i 2020, dvs ein auke på om lag 17 prosent. I 2030 vil vi kunne ha om lag 212 000 betente brukarar, noko som er ein auke på vel 41 prosent frå i dag.

Når vi vidare syner prognoser for aldersgrupper blant brukarane kvar for seg, så kan vi få ei samansetjing av betente hjelpemiddelbrukarar fram til 2030 som vist i

Figur 4:  
Framskrivning av talet på betente hjelpemiddelbrukarar pr år til 2030, fordelt på aldersgrupper.



Figur 5:  
Prognose for talet på betente hjelpemiddelbrukarar pr år fram til 2030 fordelt på aldersgrupper.



figur 5. Det er då gitt at prosentdelen i kvar befolkningsgruppe som vert hjelpemiddelbrukar er uendra frå i dag.

Den høge prosentdelen brukarar i aldersgruppene 70 år og over, fører med seg ein betydeleg auke i tilgang av desse gruppene. I aldersgruppa 60-69 år har vi også ein stor auke i populasjonen, men denne gir berre mindre utslag i brukartilgangen.

## KVA VISER FRAMSTILLINGANE ?

Aldringa i befolkninga fører i løpet av nokre få år til ein betydeleg vekst i talet på betente brukarar pr år. Prognosane er sjølvsagt usikre, men fram mot 2030 kan vi grovt rekna ha ein auke på 40–45 prosent i forhold til talet på betente brukarar i dag.

Som vi ser av figur 4, så vil vi dei første åra, fram mot 2012, ikkje ha særleg auke i talet på brukarar pr år. Vi vil ha ei tilvekst spesielt i aldersgruppa 60–69 år, som vi ser i folketalsframskrivinga, figur 3. Folketalsveksten i denne aldersgruppa gir mindre utslag i tilveksten i talet på hjelpemiddelbrukarar. Denne tilveksten vert utlikna av den nedgangen i gruppa over 80 år som vi har i denne perioden. Denne nedgangen er såpass sterk at talet på betente brukarar samla sett kan gå litt ned.

Etter 2012, og i sterkare grad etter 2015, vil «eldrebølga» få større effekt i formidlings-apparatet for hjelpemiddel. Talet på hjelpemiddelbrukarar totalt sett vil i desse åra auke betydeleg, og gjennomsnittsalderen vil også gå opp. Vi ser av figurane at frå 2012 og i alle år fram til 2030 vil det vere ei årleg auke i talet på brukarar, og det er dei eldre som står for heile auken. Gruppa over 80 år vil framleis ha nedgang nokre år, men auken i talet på brukarar mellom 70 og 79 år vert sterkare. Frå 2020 og framover får vi svært sterk auke blant dei eldre brukarane.

## UTGIFTSNIVÅET VIL KUNNE AUKE

Utgiftsnivået dei neste åra vil ha samanheng med i kva grad ressursinnsats og dekningsnivå pr brukar er det same som i dag eller vert endra. Med uendra regelverk for stønad, vil ein auke i talet på brukarar føre til auke i utgifter

til hjelpemiddel. Sjølv med ein høg grad av gjenbruk i mange hjelpemiddelgrupper, så vil det likevel oppstå store behov for kjøp av nytt utstyr.

Utgiftene er likevel avhengig av mange andre faktorar. Ein av dei viktigaste er kanskje i kva grad det også vil vere auke i talet på hjelpemiddel pr brukar, eller verdi av alle hjelpemidla pr brukar. Med ei større opphoping av eldre brukarar vil vi anta at fleire enn før har stort hjelpebehov, og treng høgare innsats av materielle og menneskelege ressursar. Samstundes, med auka levealder, kan vi få friskare eldre, som klarer seg med få hjelpemiddel over lenger tid. Den samla effekten av dette er usikker.

Framtidig bustadsstruktur for eldre er ein vesentleg faktor når det gjeld hjelpemiddelbehov og evne til sjølvhjelp. Utforminga av nye bustader i dag vil påverke dette hjelpemiddelbehovet i mange år framover.

På hjelpemiddelområdet er det stadig ei utvikling av nye produkt og bruk av ny teknologi. Dette fører gjerne til ei vridning over til nyare og dyrare hjelpemiddel. Nye generasjonar brukarar vil også kunne ha andre krav til hjelpemiddelstandard og utval enn dei foregåande brukarane. I tillegg til dei tradisjonelle hjelpemidla, vil vi truleg sjå ein ny etterspurnad etter teknologibaserte hjelpemiddel også blant dei eldre brukarane. Datautstyr har til no vore hjelpemiddel primært for yngre brukarar, men vil om nokre år vere ein naturleg del av hjelpemiddelparken for eldre, i den grad dei har krav på stønad. Meir og meir av kommunikasjonen mellom brukar og hjelpeapparat, andre offentlege kontor, bank med vidare kan tenkast å bli basert på tenester på internett. Teknologibaserte hjelpemiddel vert framtida også blant dei eldre.